

Årsmelding 1980

Asbjørn Vorren (formann), Bjarne Hide (nestformann), Tor Arne Bringsvor (kasserar), Jorunn Rusten (sekretær), Karly Bringsvor. Fredrik Baade har vore kontaktmann for idrettsbana, og har vore til stades på alle styremøta.

Talet på styremøte i 1980 er heller lavt, berre fire, men på desse møta er det arbeidt med planlegging og finansiering av idrettsbana som kravd så og sei all tid. Formannen har dessutan hatt mykje arbeid med denne saka utanom òg, i samarbeid med kontaktmannen for bana.

Dette arbeidet er no sa og sei unnagjort, og ein reknar med at til våre kan arbeidet med sjølve bana ta til.

Arrangement idrettslaget har hatt er leikane 17. mai og marknad 7. og 8. november. Dette siste var ein økonomisk suksess. Mange var i aktivitet dei to dagane, både av idrettslagsmedlemmar og folk frå bygda elles.

Gutelaget har vore med og spelt i Sandeserien og kom på nest siste plass der. Smågutelaget har òg vore rundt om og spelt kampar, med varierende resultat. Nokre av dei som driv med friidrett har vore til Åram på terrengløp.